

Til Ola Søgnesand

Prosjektleiar "Geit i Vekst"
Postboks 62

6801 Førde.

Slaktetilskot på kje.

Nortura ønskjer ikkje at kje skal gå til destruksjon, slik som det i stor grad har skjedd tidlegare.

Kje er eit fint produkt, men tradisjonelt så har nok ikkje forbrukaren dette produktet på menyen. Det er difor lagt ned mykje arbeid på marknadssida for at vi skal få omsett dette produktet til ein pris som også kan gje økonomi til produsent.

Tilbakemeldinga frå marknaden er at dei ønskjer kje mellom 4 – 5 kg. Vi i Nortura har i dag eit vektintervall som er frå 3,5 – 7 kg. Dette vil i praksis føre til at ein stor del av dei kje som kjem inn er i ønska vektgruppe.

Det er no etter siste jordbruksavtale slik at for å få utbetalt slaktetilskot på kje må dei ha ei minstevekt på 5 kg .

I praksis vil dei kjea som kjem inn då ligge på ei snittvekt på ca 6kg. Dette er over den vekt som marknadssida og forbrukar ønskjer.

I realiteten vil dette medføre at den jobben som er gjort på marknadssida er til fånytt. Vi maktar ikkje og ta ut direkte på pris den delen som slaktetilskotet utgjer. Etter som dette i stor grad er snakk om diekje så vil vi tru at det også vil ha ein negativ praktisk konsekvens for produsent.

Både marknadssida og produsentsida i Nortura vil med dette på det sterkaste tilrå at slaktetilskotet på kje vil følgje vektinndelinga som er på noteringslista for avrekning til produsent og kan gjelde for kje over 3,5 kg.

Nortura 09.10.08

John Olav Husabø

tilførselsdirektør småfe

Asbjørn Alsaker

verdikjedekoordinator småfe

Kopi Halvar Espeseth
Magnus Skjerdal